

## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
57/2017	Formannskap	12.06.2017
18/2017	Kommunestyret	22.06.2017

### Uttale frå Lom kommune til søknad frå GLB om endring i manøvreringsreglementet for Tesse – endring av dato for oppfylling av magasinet frå 1. juli til 10. juli

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev frå NVE med søknad frå GLB om endring i manøvreringsreglementet for Tesse
- 2 Tillegg til søknad - tabellar oppdatert for 2016
- 3 Vurdering av konsekvenser for fisk ved endrede fyllingskrav for Tesse - NINA-rapport
- 4 Forslag frå A/S Eidefoss til avtale om avbøtende tiltak

#### Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått, alternativt bør behandling av søknaden utsetjast i 3 – 5 år, slik at erfaringsperioden blir lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.

#### Saksprotokoll i Formannskap - 12.06.2017

##### Behandling

Frå administrasjonssjefen blir flg. presisering gjort i tillegg til saksutgreiinga:

I 2. avsnitt i saksutgreiinga (side 25 i møteinnkallinga) står: *I følgje NVE sine tal som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra i 2011 (slik dei går fram av kongeleg resolusjon av 20.10.2011) så ville kravet om oppfylling til 3,5 m under HRV pr. 1. juli føre til eit årleg produksjonstap på 11 GWh.*

I tillegg til dette kjem eit berekna produksjonstap på 3,5 GWh knytt til kravet om maks. oppfylling 0,5 m under HRV pr. 1. september.

Vidare i saksutgreiinga står det: *I følgje GLB sine utrekningar har gjennomsnittleg årleg produksjonstap for perioden 2012 – 2016 vore 14,3 GWh.*

Administrerande direktør i Eidefoss opplyste på møte i dag 12.06 at dette omfattar alt produksjonstap pga. nye fyllingsbestemmelsar, dvs. knytt til både 1.juli og 1.september-kravet. Frå adm.direktør vart dette produksjonstapet for perioden 2012-2016 vurdert til kr 8-9 millionar etter skatt. Dette er før justering i høve akseptert produksjonstap i Kgl.resolusjon vedr Tesserevisjonen.

Det betyr at samla produksjonstap for perioden 2012-2016 var 0,2 GWh mindre enn det som var forutsatt i revisjonsvedtaket, dermed må tallet i 6. avsnitt under Vurdering (side 25 i møteinnkallinga) også korrigerast.

Men før søknaden vart supplert med 2016-talla, altså for perioden 2012-2015, var produksjonstapet 17,5 GWh, dvs. 3 GWh meir enn det som var lagt til grunn for revisjonsvedtaket.

### **Forslag frå formannskapet**

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått, alternativt bør behandling av søknaden utsetjast i 3 – 5 år, slik at erfaringsperioden blir lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.

Samrøystes.

### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 22.06.2017**

#### **Behandling**

Svanhild Lyngved viste til at ho er styremedlem i Tesse Fiskarlag og ba kommunestyret om å vurdere hennar habilitet i saka. Svanhild Lyngved gjekk frå møtet. Kommunestyret kjende Svanhild Lyngved habil i saka. Samrøystes. Svanhild Lyngved kom inn i møtet att og var med på behandling av saka.

Forslag frå Senterpartiet og Arbeiderpartiet v/Anne-Lise Marstein:

Lom kommune rår til at behandling av søknaden om endra manøvreringsreglement for Tesse vert utsett i 5 år, slik at erfaringsperioden vert lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.

Det vart først votert over forslaget frå Senterpartiet og Arbeiderpartiet v/Anne-Lise Marstein. Forslaget fekk 16 røyster. 1 røyst vart gjeve mot.

#### **Vedtak**

Lom kommune rår til at behandling av søknaden om endra manøvreringsreglement for Tesse vert utsett i 5 år, slik at erfaringsperioden vert lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.

Samrøystes.

## Samandrag

Glommens og Laagens Brukseierforening søker om å endre dato for oppfylling av Tessemagasinet til kote 850,92 frå 1. juli til 10. juli. Kravet om oppfylling til 3,5 m under høgaste regulerte vasstand (HRV) innan 1. juli, vart innført ved revisjon av vilkåra i reguleringskonsesjonen i 2011. I følgje NVE sine tal som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra så ville vilkåret om oppfylling til pr. 1. juli føre til eit årleg produksjonstap på 11 GWh. I følgje GLB sine utrekningar har gjennomsnittleg årleg produksjonstap for perioden 2012 – 2016 vore 14,3 GWh. Ei flytting av datoen for fyllingskravet frå 1. til 10. juli vil, i følgje GLB, medføre at fyllingskravet blir betre tilpassa naturleg tilsig frå snøsmeltinga i høgfjellet.

GLB har i samråd med Lom kommune fått NINA til å utarbeide ein fiskefagleg vurdering av kva for konsekvensar endringa vil ha. Rapporten konkluderer med at seinare oppfylling av Tesse vil vere negativt for fiskebestanden. Også Tesse fiskarlag og Lom fjellstyre er svært kritiske til den foreslåtte endringa. På bakgrunn av den fiskefaglege rapporten, innkomne uttaler og at det berre har gått 5 år sidan konsesjonsvilkåret vart innført, bør kommunen rå til at konsesjonsvilkåret om oppfylling av Tessemagasinet pr. 1. juli ikkje blir endra no.

## Saksutgreiing

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB), som konsesjonshavar for Tessereguleringa, søker om å endre dato for oppfylling av Tessemagasinet til kote 850,92 frå 1. juli til 10. juli. NVE har sendt søknaden på høyring, høyringsfristen var i utgangspunktet 15. februar 2017.

Kravet om oppfylling til kote 850,92 innan 1. juli, dvs. 3,5 m under høgaste regulerte vasstand (HRV), vart innført ved revisjon av vilkåra i reguleringskonsesjonen i 2011. I søknaden skriv GLB at i løpet av dei 5 åra som har gått sidan konsesjonen vart revidert har det vist seg at produksjonstapet som følgje av dette kravet har vore langt høgare enn det som vart forutsett i konsesjonsprosessen. I følge NVE sine tal som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra i 2011 (slik dei går fram av kongeleg resolusjon av 20.10.2011) så ville kravet om oppfylling til 3,5 m under HRV pr. 1. juli føre til eit årleg produksjonstap på 11 GWh. I følgje GLB sine utrekningar har gjennomsnittleg årleg produksjonstap for perioden 2012 – 2016 vore 14,3 GWh (variasjon frå 25 GWh i 2013 til 1,5 GWh i 2016). I tillegg kjem produksjonstap i kraftverka lenger nedover i vassdraget, Eidefossen, Harpefoss og Hunderfossen, i størrelseorden 2 GWh/år.

I 2015 vart fyllingskravet pr. 1. juli ikkje oppnådd. Dette var eit spesielt år, med gode snømagasin men svært kald forsommar og dermed uvanleg sein snøsmelting.

Årsaka til produksjonstapet er at regulanten må halde att ei større vassmengde i Tessemagasinet ved nedtapping om våren, for at fyllingskravet pr. 1. juli kan nåast med rimeleg sikkerheit. Tesse og Veo-overføringa sitt nedbørsfelt ligg høgt over havet, med sein snøsmelting som følgje. Når avsmeltinga og tilløpet til magasinet aukar har ikkje Tesse-kraftverka (og kraftverka lenger nedover vassdraget) kapasitet til å ta unna den ekstra vassmengda, og ein vesentleg del av dette må tappast forbi kraftverka som flomtap. Etter GLB sitt syn kan ein unngå denne situasjonen dersom Tessemagasinet blir halde på eit noko lågare oppfyllingsnivå fram til smeltevassflaumen er over. Tilløpet er ofte størst i månadsskiftet juni-juli, GLB ber derfor om at fyllingskravet for minste sommarvasstand blir knytt opp mot datoen 10. juli i staden for 1. juli.

I søknaden er det lagt ved foto tekne frå to ulike utgangspunkt ved Tesse, og som syner vasstand pr. 1. juli etter konsesjonsvilkåra frå 2011 (3,5 m under HRV) og slik situasjonen var i eit normalår før dei nye konsesjonsvilkåra var sett i kraft (vasstand pr. 1 juli ca 4,25 m under HRV). Vidare finst det flyfoto der strandliner for dei same to oppfyllingsnivåa er teikna inn. Etter GLB sitt syn står ikkje den visuelle forbetringa ein oppnår ved å halde fast på kravet om oppfylling til 3,5 m under HRV innan 1. juli i forhold til produksjonstapet, og miljøeffekt og landskapsverknad av at datoen for oppfylling blir endra frå 1. juli til 10. juli vil vere marginal.

## Uttaler frå Tesse fiskarlag og Lom fjellstyre:

Tesse fiskarlag har 18.01.2017 kome med uttale til GLB sin søknad. Utdrag frå denne uttalen:

*Dei seinare åra har kvaliteten på fisken på Tesse teke seg opp. Dette er nok ein kombinasjon av fleire faktorar. Men det er tvillaust at fyllingsregimet i konsesjonen av 2011 er positivt for livet i vatnet.*

*At fyllingsreglementet skal endrast utan at fagfolk kartlegg kva konsekvensar og skadeverknader dette vil ha for fisken tykkjer vi er svært underleg. Her er det tydeleg at økonomi og storsamfunnet overkjører Tesse som fiskevatn. Vi meiner at før ein eventuelt behandlar eller imøtekjem søknaden må det kartleggjast kva ei seinare fylling av Tesse vil ha og seie for livet i vatnet både mtp på fisken, og produksjon av næringsdyr. Ein må au sjå på kva konsekvensar det vil ha for erosjon og slam som kjem med elvane.*

*Konsesjonæren har i konsesjonen av 2011 eit ansvar for og bidra til at Tesse ikkje forringast som fiskevatn. Det er difor naturleg at konsesjonæren bær den økonomiske belastninga med å kartlegge kva konsekvensar ei seinare fylling vil ha og si med tanke på punkta i vår uttale. (...)*

*Tesse fiskarlag SA stiller seg undrande til at søknaden frå konsesjonæren om endring av fyllingsregime seier så lite om konsekvensane for Tesse som fiskevatn. Det momentet at det kan vera vanskeleg og dokumentere kva konsekvensar det vil ha for fiskelivet bør vega tungt i den retning av at ein ikkje må endre fyllingsregimet frå dagens konsesjon.*

*Som vi nevner i vår uttale, og som konsesjonen av 2011 henviser til må det gjerast eit betre forarbeid før søknaden i det heile kan handsamast.*

*Konsesjonen som vart gjeven i 2011 hadde sin bakgrunn i eit langvarigt og grundig forarbeid bla mtp dei biologiske forholda i Tesse. Dette må takast omsyn til, og regulanten må etter vår meining akseptere det produksjonstap dette medfører.*

Lom fjellstyre har behandla søknaden i sak 1/2017, og har gjeve følgjande samrøystes uttale:

*Fjellstyret stiller seg skeptisk til ein revisjon som medfører ei endring av manøvreringsreglementet i konsesjonsvilkåra, slik det er søkt om, og vil tilrå at det ikkje vert gjeve løyve til dette. Konsesjonsfornyninga som vart avslutta for fem år sidan er resultat av ein lang og omfattande prosess, der manøvreringsreglementet er ein del av ein heilskap. Det vil vera uheldig å endre delar av dette teke ut av denne heilskapen.*

*Fjellstyret meiner at ei seinare magasininfylling vil vera negativt for det biologiske mangfaldet, og føre til såpass store uønskete miljømessige konsekvensar, ikkje minst for fiskebestanden i Tesse, at utbyggjarane må akseptere det produksjonstapet endringa medførte. Like fullt som det er sagt at konsesjonæren ikkje skal påførast eit vesentleg produksjonstap ved ein revisjon, er myndighetene pålagte å vurdere dei miljømessige konsekvensane og hindre eller redusere tap av naturmangfaldet. Regulanten vil sjølvsagt vera interessert i å ta ut mest mogleg av det kraftpotensialet som reguleringa gjev høve til, innanfor dei rammene som er gjevne ved ein konsesjon. Rammene er sett av myndighetene etter ei totalvurdering av innspel og synspunkt frå alle interessegruppene i saker om kraftutbygging. Ei eventuell endring av rammene må derfor basere seg på ei grundig vurdering av innspel frå alle interessegruppene, og ikkje berre på å auke kraftpotensialet og dermed ein auka økonomisk gevinst for utbyggjaren.*

### Fiskefagleg vurdering av konsekvensar av endra oppfyllingsdato:

I møte mellom GLB og Lom kommune v/ordførar, administrasjonssjef og saksbehandlar 07.03.2017 vart det konkludert med at GLB skal sørge for å få utarbeidd ein fiskefagleg vurdering av konsekvensar av endra oppfyllingsdato frå NINA eller tilsvarende nøytral forskingsinstitusjon. For at Lom kommune skal kunne legge denne faglege vurderinga til grunn ved politisk behandling av sin uttale, vart det søkt NVE om utsatt uttalefrist til 23.06.2017. NVE har seinare imøtekome denne søknaden.

Kortrapport frå NINA; *Vurdering av konsekvenser for fisk ved endrede fyllingskrav for Tesse, Lom kommune* vart lagt fram 02.06.2017. Rapporten er utarbeidd på grunnlag av eksisterande generell kunnskap, tidlegare ferskvannsbiologiske undersøkingar og historiske data om magasininfylling frå Tesse, dvs. det er ikkje gjort nye undersøkingar eller registreringar i felt. Rapporten konkluderer med at seinare oppfylling av Tesse er negativt for fiskebestanden, fordi nedre del av reguleringssona vil vere eksponert for vind- og bølgeerosjon over ein lenger periode. Dette vil gje mindre produksjon av pelagisk dyreplankton, og dermed sannsynlegvis redusert tilvekst og kondisjon på fiskebestanden. Samtidig vil seinare oppfylling gje dårlegare tilgang på skjul for småfisken. Rapporten kvantifiserer ikkje kor stor denne negative konsekvensen for fiskebestanden vil vere.

Før det nye konsesjonsvilkåret kom i 2011 nådde Tessemagasinet oppfyllingsnivået 3,5 m under HRV innan 1. juli i 14 av 30 år (1982-2011). I perioden som har gått etter ny konsesjon vart oppfyllingskravet nådd i 4 av 5 år. Rapporten peiker på at det etter ein så kort periode (2012-2016) er uråd å dokumentere om kor vidt fyllingskravet pr. 1. juli har hatt positive konsekvensar for fiskebestanden på Tesse. Ei endring av oppfyllingsdatoen alt etter 5 år vil derfor gjere det enno vanskelegare å påvise om konsesjonsvilkåret har hatt positiv effekt. Eit element som aukar usikkerheita er eventuell effekt av at utsetting av settefisk vart avslutta i 2015.

### Eventuell avtale om avbøtande tiltak for ulempene som endra oppfyllingsdato medfører:

02.06.2017 vart det gjennomført eit forhandlingsmøte mellom Eidefoss AS og Lom kommune v/ordførar og administrasjonssjef om økonomisk kompensasjon/ avbøtande tiltak for ulempene endra oppfyllingsdato medfører. I dialog med A/S Eidefoss har kommunen bede om at det blir vurdert ein økonomisk kompensasjon som blir regulert i takt med dokumentert produksjonsgevinst som følgje av evt. utsett dato for fylling. Dette ut i frå ei felles forståing om at eit årleg fast beløp vil vera vanskeleg å finne nivå på – mellom anna fordi produksjonsgevinsten vil variere sterkt frå år til år, og for enkelte år ikkje vil det bli produksjonsgevinst i det heile tatt (jamfør historiske tal i søknaden). Kommunen har ikkje nådd fram med sitt syn på dette punktet. Etter møtet 02.06 har Eidefoss AS lagt fram sitt endelege forslag til avtale. Frå avtaleteksten:

*For å sikre at Lom kommune skal ha et økonomisk grunnlag for å gjennomføre avbøtende tiltak, skal det utbetales et engangsbetrag på 0,5 millioner kroner fra Eidefoss ved beslutning om endring i konsesjonen. Summen skal brukes på avbøtende tiltak i tilknytning til Tesse. Tiltak forutsettes gjennomført senest 5 år etter endringen.*

Avtaleforslaget er lagt ved saka.

### **Vurdering**

Utgangspunktet til Lom kommune er at vi er vertskommune for Tessemagasinet. Gjennom revisjonssaka med vedtak er vertskommunen i noko grad imøtekome med tiltak som følgje av dette. Eingongsutbetalt næringsfond og årleg kompensasjon for dei ulemper reguleringa medfører viser dette. Natur og miljøkvalitetar i området er forringa som følgje av reguleringa av Tesse. Dette er også i situasjonen i denne saka, og kommunen må på nytt innta vertskommunearolla med dei utfordringar det inneber. Utgangspunktet er at søknaden frå GLB set kommunen i posisjon til å forhandle om kompensasjonar og avbøtande tiltak.

Kommunen må og ta inn over seg målsettinga i *fornybardirektivet* om auka andel av fornybar energi, men kravet om andel fornybar energi må balanserast mot miljølovgjevinga elles, bl.a. *EUs vanndirektiv*. Det går direkte fram av vannforskriften §12 at denne føresegna skal vurderast når det skal gjerast vedtak om nye inngrep i eit vassdrag/ vassførekomst som kan medføre at miljømåla i vanndirektivet ikkje blir oppnådd, eller som medfører ein forverra situasjon.

Frå Lom si side vart det i revisjonsprosessen peikt på landskapsestetiske ulemper knytt til den breie reguleringssona, og at områdets verdi som reiselivsdestinasjon og natur- og friluftsområde for allmenta er redusert som følgje av reguleringane. Oppfyllingsnivå pr. 1. juli var ikkje eit direkte krav frå Lom kommune i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra. I kommunen sine merknader 07.02.1995 til konsesjonssøknaden står det: *Det er ynskjeleg at magasinet vert fylt opp så raskt som mogeleg om sommaren, men kommunen finn det vanskeleg med direkte pålegg her*. I saksdokumenta går det heller ikkje fram andre lokale innspel om minimum oppfyllingsnivå om sommaren. Frå fleire hald var det derimot peikt på at høg vasstand om ettersommaren og hausten vil vere til stor skade for dei låglendte dyrkingsareala som ligg ut mot Tesse. Eit krav om maksimalt oppfyllingsnivå på hausten var derfor eit viktig tema i samband med ny konsesjon for Tesse, dette førte til eit konsesjonsvilkår om at maks oppfylling skulle vere 0,5 m under HRV pr. 1. september. GLB søker ikkje om å få endre dette kravet.

Miljøverndepartementet påla i 2008 NVE å utgreie spørsmålet om sommarvasstand. NVE kom da med forslaget om oppfylling til min. 3,5 m under HRV pr. 1. juli, tilsvarande eit berekna produksjonstap på 11 GWh/år. Miljøverndepartementet skriv i sin merknad til konsesjonssaka at: «En vannstand på 3,5 m under HRV vil fortsatt gi tørrelagte arealer rundt vannet, men vil gi en forbedring fra dagens situasjon.» Vidare: «Departementet finner ulempene ved produksjonstapet som mindre enn de fordeler som oppnås miljømessig, og slutter seg til NVEs forslag.»

I følgje talmaterialet som ligg til grunn for søknaden, korrigert for 2016- tala, er gjennomsnittleg årleg produksjonstap i perioden 2012-2016 14,3 GWh, altså 3,3 GWh meir enn det som vart lagt til grunn ved revisjon av konsesjonsvilkåra.

Kommunen har som vertskommune reist spørsmål om det er grunnlag for å etterkoma søknaden gjennom avbøtende ordningar som reduserar ulempene ved ei endring av konsesjonsvilkåra. Dette har ført til at A/S Eidefoss har lagt fram forslag til ein avtale om utbetaling av ein eingongssum til gjennomføring av avbøtande tiltak. Aktuelle tiltak er først og fremst båtutsettingsplassar, informasjons- og trivselstiltak elles. A/S Eidefoss har elles understreka at det berre er avbøtande tiltak i og ved Tesse som er aktuelle og som kan vere eit tema i denne saka.

Etter administrasjonssjefen si vurdering er ikkje nivået på midlar til avbøtande tiltak i nærheita av å vege opp dei ulempene som ein utsatt oppfyllingsdato vil medføre. Tilbodet vil ikkje på nokon måte kunne balansere dei naturverdiar som vil gå tapt eller den gevinsten regulanten vil oppnå. Når det er Lom kommune som i all hovudsak vil avstå desse naturverdiane, er det berre gjennom balansert «ytelse mot ytelse» at kommunen får behalde ein andel av den verdiskapinga som kjem kraftselskapet og selskapets eigarar til gode. Uansett vil kommunen gje frå seg vesentleg større verdiar enn det som kan kompensert gjennom dei aktuelle ordningar.

Den fiskefaglege rapporten utarbeidd av NINA konkluderer med at seinare oppfylling av Tesse er negativt for fiskebestanden. Vidare peiker rapporten på at det etter ein periode på 5 år er uråd å dokumentere om kor vidt fyllingskravet pr. 1. juli har hatt positiv effekt for fiskebestanden. Uttalene frå Tesse fiskarlag og Lom fjellstyre peikar i same retning: Seinare oppfylling av Tesse vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden og fisket, konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli er resultatet av ein omfattande prosess og bør ikkje endrast sjølv om produksjonstapet i første 5-års periode er noko høgare enn forventa.

Administrasjonssjefen deler dette synet - erfaringsperioden er kort, både når det gjeld det fiskefaglege og produksjonstapet. Denne usikkerheita talar for at ein bør dokumentere utviklinga over ei lengre tidsperiode. Administrasjonssjefen vil derfor rå til at det ikkje vert gjeve løyve til endring av manøvreringsreglementet no. Søknaden bør avslåast, alternativt bør behandling av søknaden utsetjast i 3 – 5 år, slik at erfaringsperioden blir lengre og avgjerdsgrunnlaget betre.

Med bakgrunn i vår status som vertskommune er det nødvendig og viktig at Lom kommune ivaretek sitt forvaltaransvar og ansvar for dei naturverdiar som fortsatt finst i og rundt Tesse, inntil prosessen vidare blir avklart.